

## NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 5/2018, 16.05.2018

"Kunnskap for framtida" [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no)

### NO HASTAR DET MED PENSUMLISTENE!

Den 15. mai var frist for fagmiljøa å levere pensumlister til studia som tek til hausten 2018. Det er viktig å vere tidleg ute med pensumlister slik at bokhandlarar får fram bøkene før studiestart og studentar kan planlegge bokkjøp og lesing gjennom sommaren og før studiestart. På denne nettsida er det oversyn over kva pensumlister som har vorte publiserte for emne som tek til hausten 2018. <https://www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/pensumlister-2018-host>

### 17.MAI: HVO-FANA ER PÅ PLESS I FOLKETOGET I VOLDA

I år er det Avdeling for samfunnsfag og historie som har fått æra av å bere HVO-fana i folketoget på ettermiddagen. Høgskulen står som nr 18 i rekka av lag og organisasjonar. Tilsette og studentar er både hjarteleg velkomne og blir også oppmoda til å samle seg bak fana. NB! I e-post til alle på HVO stod det at fana også ville vere å finne i barnetoget om formiddagen, men det stemmer altså ikkje. Rektor Johann Roppen vil halde årets 17. mai-tale i Volda. Program og anna informasjon for 17.mai-feiringa i Volda:

<https://www.facebook.com/17maiivolda/>

### DET KAN BLI STREIK FRÅ 23. MAI

Det er fare for streik i offentleg sektor frå 23. mai og tilsette ved Høgskulen i Volda kan bli tatt ut i streik då eller seinare. Informasjon om korleis dei sentrale forhandlingane utviklar seg bør alle tilsette halde seg orienterte om. Om det blir streik vil høgskuledirektøren gi nødvendig informasjon til tilsette og studentar. Dei tilsettes organisasjonar vil naturlegvis også halde sine medlemmer orienterte.

### NYTT FORSKINGSMAGASIN FRÅ HVO: "SYNSRAND"

Eit tverrsnitt av forskings- og utviklingsaktiviteten ved Høgskulen i Volda dei siste åra blir presentert i eit nytt magasin: Synsrånd. Magasinet kan du lese digitalt på veven:

<https://www.hivolda.no/forskning>, eller du kan kontakte [samfunnskontakt@hivolda.no](mailto:samfunnskontakt@hivolda.no) dersom du ønsker papirutgåva.

### PRAKTISK INFORMASJON TIL NYE STUDENTAR

Nye studentar ønsker å planlegge hausten allereie no, og er avhengig av veven er oppdatert med for eksempel tid for samlingar, oppmøtestad, osv. for sitt studium. Fagmiljøa må oppdatere denne og bruksanvisninga ligg under «Tilsettverktøy»:

<https://www.hivolda.no/verktoy-tilsette/veven>

### HØGSKULESTYRET: STYREMØTE TORSDAG 7. JUNI

Høgskulestyret har siste møte før sommaren torsdag 7. juni i Kaarstad 104. Blant sakene som vil kome på dagsorden er blant anna revidering av budsjettmodellen og spørsmålet om avdelingsstruktur. Sakspapira til møtet blir lagt ut på nettsida ca 1 veke før møtet: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>

## HØGSKULESTYRET: NYE STUDENTREPRESENTANTAR

Studentane har halde val på nye studentrepresentantar og vi gratulerer Sara Bergland og Tormod Malvin Sæther med styreplass det komande året. Vara for dei to er Vilde Femsteinsvik Stakseng og Allan Levi Melby. Vi ønskjer dei nye representantane lukke til med arbeidet!

<https://www.hivolda.no/hivolda/nye-studentrepresentantar-er-klare>

## SPRÅK: HØGSKULEN I VOLDA ER ALEINE OM Å PRIORITERE SPRÅK I STRATEGIPLANEN

Direktør i Språkrådet Åse Wetås seier at Høgskulen i Volda er den einaste institusjonen for høgare utdanning som har omtala språk i sin strategiplan. Språkrådet rosar Volda for dette, og ønskjer naturlegvis at fleire UH-institusjonar gjorde det. Dette kom fram på eit møte om norsk som fagspråk i Trondheim. Rektor Johann Roppen representerte Høgskulen i Volda på møtet. Les omtale av møtet i

Universitetsavisa: <https://www.universitetsavisa.no/politikk/2018/05/03/Etterlyser-nasjonal-innsats-for-%C3%A5-ta-vare-p%C3%A5-det-norske-fagspr%C3%A5ket-74223.ece>

Høgskulen i Voldas strategiplan: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/styringsdokument>

Språkrådet har laga ein vegvisa for språkval i universitets- og høgskulesektoren i valet mellom norsk og engelsk som fagspråk: <http://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Forskning-og-hogre-utdanning/vegvisar-for-sprakval-i-universitets-og-hogskulesektoren/>

Høgskulen på Vestlandet har nyst lagt fram ein ambisiøs språkstrategi som blant anna går ut på HVL vil ta eit særleg ansvar for nynorsk: "HVL skal ha ein tydeleg nynorsk profil, og bruke eit levande og godt nynorsk språk." <http://pahoyden.no/2018/04/hvl-vil-ta-plassen-som-hogskulen-nynorsk>

## ETATSTYRINGSMØTE MED KUNNSKAPSDEPARTEMENTET 14. MAI

Representantar frå høgskulestyret og direktør møtte måndag 14. mai til etatstyringsmøte i Kunnskapsdepartementet. Tema for etatstyringsmøte er drift og resultat for høgskulen sidan førre møte, men på dette møtet vart det brukt mest tid på framlegget til utviklingsavtale for Høgskulen i Volda 2019-2022. Møtet vil blir følgt opp ved at departementet kjem med ei skriftleg tilbakemelding. Det blir vidare fleire møte om utviklingsavtalen utover hausten og når høgskulen og departementet er samde vil utviklingsavtalen bli ein del av tildelingsbrevet til Høgskulen i Volda for 2019.

Her er Høgskulen i Voldas framlegg til

utviklingsavtale: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/250725?agendatemId=202657>

Dei som representerte Høgskulen i Volda på møtet var Johann Roppen, Inger Østensjø, Nikolai Hannevik Nordlid, Kjell Einar Dagfinrud, Tor-Johan Ekeland og direktør Karen Lomeland Jacobsen. I rektorbloggen står rektors innleiing på møtet:

<https://blogg.hivolda.no/jr/2018/05/15/etatstyringsmotet-2018-innleiing-fra-hogskulen-i-volda/>

## MØTE MED TRINE SKEI GRANDE 11. MAI

I samband med Bygdepride fekk høgskulen møte kulturminister Trine Skei Grande. Høgskulen fortalde om planane for nybygget Sivert Aarflot-huset, som kjem til å kome opp som

regjeringsnotat ved årsskiftet. Vi fekk også snakka med Grande om ei rekkje andre spørsmål som blant anna norsk som fagspråk, dei norske språksamlingane og digitalisering av norsk ordbok, rekruttering til lærarutdanning, PPU og praktiske og estetiske fag og spørsmål på medieområdet. Deltakarar på møtet frå Høgskulen i Volda si side var rektor, prorektor og dekan på Avdeling for mediefag.

### **TILSTANDSRAPPORTEN FOR HØGARE UTDANNING - TAL FOR HØGSKULEN I VOLDA**

Den årlege Tilstandsrapport for høgare utdanning har vorte lagt fram og vil bli teken opp både i Strategisk studienemnd, i Forskingsutvalet og i høgskulestyret. Nokre hovudtal for Høgskulen i Volda kan vere verd å merke seg: Omfanget på publisering var nokså likt året før, men den nye reknemåten for tellekantar gjev store utslag. Andel førstekompetente ved HVO aukar litt - igjen. Andel kvinnelege toppkompetente har auka også i år. Andel bachelorstudentar som har fullført på normert tid har gått ned. Andel masterstudentar som fullfører på normert tid har ikkje betra seg. Talet på uteksaminerte masterkandidatar er nokså stabilt rundt 50-60.

Tilstandsrapporten for 2018: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tilstandsrapport-for-hoyere-utdanning-2018/id2600317/>

### **SEMESTEROPNINGA 2018: MAH-RUKH ALI BLIR OPNINGSTALAR**

Mah-Rukh Ali blir årets opningstalar under semesteropninga 14. august. Ho er tidlegare studert på journalistikk ved Høgskulen i Volda. Semesteropninga blir etter same mal som vi har hatt dei siste åra med opningshøgtid på plassen mellom Berte Kanutte-huset og Synnøve Riste-huset. På føremiddagen blir det fleire faglege arrangement der både inviterte gjester og høgskuletilsette vil ta del. Hovudtema vert digitalisering i skulen. På denne nettsida er det meir praktisk informasjon om semesteropninga: <https://www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/start-semester>

### **SIVERT AARFLOT-HUSET: NY FRIST FOR Å LEVERE TILBOD**

Det har vore synfaring og møte med firma som er interesserte i å levere tilbod på Sivert Aarflot-huset. Dei aktuelle leverandørane bad om å få utsett fristen for å levere tilbod, og det har dei fått. Den nye fristen er 5. september. Dei innkomne framlegga vil bli presenterte fr alle interesserte. Den nye fristen vil ikkje få konsekvensar for når huset skal stå ferdig, som altså blir ved årsskiftet 2020-2021.

### **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2018**

- 01.6. HVO får Besøk frå KIF-komiteen (Komite for kjønnsbalanse og mangfold) i UHR <http://kifinfo.no/nb/content/komite-kjonnsbalanse-og-mangfold-i-forskning-kif>
- 07.6. Styremøte 4/2018
- 18.6. Sommaravslutning for alle tilsette i kantina
- 14.6. Møte i Strategisk studienemnd
- 21.-22.06.2018: Fjordkonferansen. NTNU Ålesund.  
<https://www.hivolda.no/kategori/forskning-og-utvikling/fjordkonferansen-2018>

## Hausten 2018

- 14.8. Semesteropning for studieåret 2018-2019
- 13.9. Styremøte 5/2018
- 22.-23.10. Styreseminar - styremøte 6/2018
- 24.10. Kultur- og folkehelseutval i Møre og Romsdal held møte på HVO
- 6.12. Styremøte 7/2018

## HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

[https://www.tintup.com/t/customer\\_2082469\\_hogskolenivolda](https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda)

## LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

Våre ledige stillingar blir lyst på nettsida nedanfor - der er det også høve til å få e-postvarsling når det blir lyst ut nye stillingar hos oss.

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>